



Vidaregåande skular

Dato: 25.05.2016
Vår ref.: 2016/2594-11
Saksbehandlar: chaespe
Dykkar ref.:

Kunst- og kulturprogram i vidaregåande skular skuleåret 2016-2017

Kultur- og idrettsavdelinga og Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune (HFK) vil med dette tilby kulturelle opplevingar for skuleåret 2016-2017.

HFK formidlar eit mangfald av kunst- og kulturproduksjonar til elevar i vidaregåande skular. Produksjonane held høg kunstnarleg kvalitet, og er ei kulturell oppleving for både elevar og lærarar.

Kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen skal ikkje erstatte estetiske fag, men kome i tillegg til desse. – Det skal vera noko særskild og ekstraordinært. For mange av skulane kan produksjonane og vera verdifulle supplement til undervisninga.

Program for 2016-2017

Skuleåret 2016-2017 er det 14 produksjonar i programmet. Kort omtale av produksjonane ligg ved. Merk at nokre produksjonar vert vist/ framført på kulturhus/ kunst- og kulturinstitusjonar. HFK dekkjer reise til/ frå desse arenaene.

Kvar skule må via sin kontaktperson sende oss samla, prioritert liste over ønska produksjonar, gjerne med fleire alternativ. Meld også tilbake til oss kva omfang de ønskjer. Vi kan ikkje garantere at alle får førstevalet, men skal så godt det lar seg gjere prøve å få dette til.

Frist for tilbakemelding

Vi ønskjer å komme i dialog så raskt som mogleg, og ber om liste over ønska produksjonar innan 9. juni. Send lista på e-post til Arnulf Henriksen (arnulf.henriksen@hfk.no). NB! Gjeld også skular som har vore med i ordninga tidlegare år.

Ta kontakt med Arnulf Henriksen på e-post eller telefon (55 23 99 81) dersom de lurar på noko.

Vennleg helsing

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.